



Frådelinga gjeld området frå gjerdet til butikken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Butikkprosjektet til Nilsen Eigedom har kome eit steg vidare. Kommunen har no gjeve Torfinn Myklebust og Eldbjørg Sivertsvoll delingsløyve slik at den parsellen dei har seld til utviding av butikkarealet kan delast frå.

Det har ikkje kome inn nokon naboprotest-

Grunnlaget for løyvet er mellom anna at arealbruken det er søkt om er i samsvar med gjeldande kommunedelplan og reguleringsplan.

Det heiter elles i vedtaket at avkøyrsløse til kommunal veg skal utformast og tilpassast reguleringsplan i samband med byggjesøknaden.

Prosjektet er no på teiknebrettet men det vil etter det uskedalen.no høyrer ikkje vara lenge før det føreligg ferdig planlagd.

Eit uavklart spørsmål gjeld adkomsten, der Nilsen Eigedom har søkt om ei utviding av den kommunal vegen med 2 meter. Her har kommunen enno ikkje svara.

Av Ola Matti Mathisen